

Fana, 10.4.2021

Høyringsuttale frå Naturvernforbundet Hordaland

Smådalselva kraftverk i Samnanger kommune

Viser til motteke brev av 2.9.2020 vedr. søknad frå Småkraft AS om løyve til utbygging av Smådalselva kraftverk i Samnanger kommune. Det blei også levert inn ein søknad i 2007, som ikkje er blitt vidareført på grunn av manglande linjekapasitet.

Samandrag

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) er negativ til den planlagde utbygginga. Dei fleste vassdraga i Samnanger er allereie utbygd, og dei framleis urørte og delvis urørte elvane står ovanfor eit sterkt utbyggingspress, trass i at ordninga med subsidiering av vasskraft gjennom grøne sertifikat er avvikla. Utbygginga av Smådalselva kraftverk medfører ei rekke negative konsekvensar for fisk, raudlista artar, naturopplevingar, kulturmiljø og landskap. Nytteverdien av tiltaka kan etter NVH sitt skjøn ikkje vega opp for summen av alle desse negative konsekvensane, og vil derfor fråråda NVE å gje konsesjon til Småkraft AS.

Det har vore gjort i alt tre konsekvensanalyser av naturmangfald (i 2005, 2009 og 2020) der den eine (2009) var konsentrert om kartlegging av mose- og lavartar.

Generelt

Smådalselva kraftverk vil utnytta eit fall på 320 m i Smådalselva mellom kote 365 og 45 moh. Vassvegen er 1440 m lang og planlagt som nedgravd rørgate. Utbygginga er planlagt med ein 3-4 meter høg og ca. 10 meter lang betongdam. I tillegg er det planlagt 410 m ny veg frå eksisterande skogsveg ved kote 200 fram til rørgata, og 360 m ny veg frå eksisterande skogsveg opp til inntaket ved kote 320, i alt 770 m anleggsveg, som skal byggjast i 5 meter breidde. Dei utgravde massane frå rørgata skal delvis brukast som underlag for anleggsvegen. Smådalselva ligg like sørvest for Tysse sentrum, 300 meter frå Tyssefossen kraftverk og 3 km frå Frøland kraftverk. Samnanger kommune er frå før hardt belasta med utbygging, der BKK står for det meste. Hovudvassdraget i Tysseelva med Fossen Bratte er rett nok verna mot utbygging, men viktige sidevassdrag som Frølandselva og Jarlshaug er bygd ut.

Konsesjonssøkar sin argumentasjon om at Smådalselva kraftverk vil kunna bidra til å avhjelpa kraftutfordringane i Vest-Noreg rundt Bergen, held heller ikkje mål. Eit småkraftverk utan reguleringsmagasin og utan moglegheit for effektkøyring vil ikkje vera i stand til å imøtekomma forsyningsutfordringar i Bergen i vinterhalvåret.

Hydrologi

Smådalselva sitt opphavslege nedbørsfelt er 3.7 km² og utbygginga skjer i eige løp. Elva har i dag ei middelvassføring på 540 l/s, og kraftverket er planlagt ein innstallert effekt på 3.5 MW og planlagd produksjon på 9.0 GWh. Det er planlagd minstevassføring tilsvarende 5-persentilen på 36 l/s i sommarsesongen (mai – t.o.m. september) og 18 l/s resten av året. Tiltaket vil føra til redusert vassføring på 94% i sommarmånadene og 97% i vintermånadene langs ein elvestrekning på omlag 1.44 km, altså nær tørrlegging, iallfall i tørrår. Det er heva over tvil at dette er eit drastisk inngrep som det er grunn til å tru at vil få store konsekvensar for økosystemet i influensområdet. I tillegg går det fram av søknaden at anleggsvegen, som ligg i relativt bratt terreng, vil kunna utløysa ras i periodar med høg nedbør, ettersom Samnanger er ein av dei mest nedbørrikaste stadene i landet. I midtre parti vil rørgata i anleggsperioden bli utvida frå 5 til 15 meter, med auka fare for ras og erosjon.

Eit tilleggsargument mot utbygging er at det er planlagt ein anleggsveg på 360 meter frå skogsvegen bort til inntaket på 320 meter, gjennom eit myrlendt terreng, der det er stor fare for utslepp av klimagassar (metan og CO₂) frå jordsmonnet til atmosfæren.

Biologisk mangfald

Verdifulle naturtypar

I tiltaksområdet til Smådalselva kraftverk er det registrert tre prioriterte naturtypar, bekkekløft, elveløp og bergvegg. Elveløp er ein raudlista naturtype i kategori nær truga (NT). Smådalselva har ikkje naturtypar som større fossar, fosseberg eller fossesprøytvegetasjon, men enkelte små fossefall fins der.

Det er ikkje observert raudlista artar, bortsett frå ein bestand av styvde askar (VU), som kan verta negativt påverka av inngrepet. Smådalselva er eit typisk vassdrag som renn frå fjell til fjord i midtre deler av Vestlandet i eit oseanisk område med høg nedbør. Det som er spesielt for Smådalen, er den rike kambrosiluriske berggrunnen i nedre deler av vassdraget, der elva renn gjennom ei bekkekløft med rik vegetasjon av artar som er tilpassa fuktig klima. Her er observert over 30 mose- og lavartar (Ihlen & Blom 2009) og ein karplanteflora som må karakteriserast som rik lågurt- og småbregnelauvskog. Sjølv om det ikkje er funne andre raudlisteartar her, er det eit klart potensiale for at slike kan finnast. Det har vore i alt 3 – tre – synfaringar her, nemleg 2.7.2005 v/Tor Spikkeland, 18.8.2009 v/Ihlen & Blom og 1.6.2020 v/Tor Spikkeland. Alle tre synfaringane var dagsturar. Synfaringa i 2009 var konsentrert om den ca 400 meter lange bekkekløfta frå kote 70 til kote 220 og var ledd i ei større inventering ved lav- og mosespesialistar av bekkekløfter i oseanisk miljø. Ved alle dei tre synfaringane blei det teke fotografi av ulike deler av planområdet. Desse, saman med sjølve observasjonane, utgjer verdifull dokumentasjon av utviklinga over tid i naturmiljø og landskap, noko som har ein verdi i seg sjølv, og som vil bli øydelagt eller sterkt forringa ved ei utbygging som planlagt.

I Tor Spikkeland si kartlegging frå 2020 av naturmangfald Fig 8 (s. 17) er det ein foto-montasje som viser ulike deler av vassdraget før utbygging, som gir eit godt inntrykk av kva naturverdiar som står på spel. Både reduksjonen i vassføringa frå 100% til 5-25%, rørgata, kraftstasjonen og anleggsvegen representerer store inngrep i eit nesten urørt område. Den påverknaden som har

vore tidlegare, er av to hovudtypar, nemleg (1) ein inntaksdam på kote 72 (nedanfor bekkekløfta) for drikkevatn, og (2) beite og hogst i tidlegare tider, bl.a. styvde asketre, i lauvskogen opp mot kote 200. Denne påverknaden må seiast å vera marginal samanlikna med den planlagte utbygginga, som vil turrleggja ein 1440 meter lang strekning av elva i store deler av året (vinter og seinsommar) – sjå kurver over årleg vassføring på Fig 5 i søknad.

Fisk

I det meste av influensområdet til Smådalselva finst det ein god, stasjonær aurebestand. Aurebestanden i Smådalsvatnet er småfallen på grunn av lite uttak gjennom fiske og avgrensa næringstilgang. Øvre delen av elva som renn ut av Smådalsvatnet er truleg ein viktig gyteplass for auren, som vil bli negativt påverka av utbygginga på grunn av redusert vassføring. Med redusert vassføring risikerer ein at aurestamma vil verta kraftig redusert eller gå tapt. Redusert vassføring kan medføre redusert oppvekstareal. I tillegg vil inntaket ved utløpet av Smådalsvatnet hindra auren nedanfor inntaket frå å gå opp i vatnet, noko som også vil verka negativt på aurebestanden. Nederst i elva og kraftstasjonen går det opp litt sjøaure ved flaum på ein ca 100 meter lang strekning frå sjøen.

Fugl og pattedyr

Ei rekke raudlista fugleartar er registrert og/eller observert innan influensområdet til Smådalselva kraftverk: Strandsnipe (NT), fiskemåke (NT), kvitryggspett (NT) hønsehauk (NT) og linerle (NT). I tillegg er det registrert hekkande fossefall ved kote 240 innan den råka elvestrekninga. Fossefall er som kjent svært sårbar for redusert vassføring då den livnærer seg på botndyr, og bestanden av botndyr er venta å gå ned som følgje av redusert vassføring i området nedanfor hekkeområdet. Denne fuglearten, som er Norges nasjonalfugl og ekstremt knytt til rennande vatn, var på raudlista fram til 2010. I tillegg er det observert storfugl, orrfugl og lirype i øvre deler av vassdraget og rundt Smådalsvatnet, der det er opne myrområde med glissen furuskog, ofte av høg alder. Dessutan eit stort mangfald av spurvefuglar, meiser, songarar, finkefuglar og kråker (Spikkeland 2020).

Av pattedyr er observert piggsvin (NT), hare, ekorn, mår, raudrev, gaupe, flaggermus og ulike smågnagarar, truleg også røyskatt og snømus. Det er observert hjort i store mengder, og det går eit hjortetrekk tvers over vassdraget i aust-vestleg retning like nord for Smådalsvatnet. Dette hjortetrekket vil koma i direkte konflikt med utbygginga i anleggsfasen og delvis også etterpå. Også storfugl og orrfugl er ekstremt sensitive for anleggsarbeid og lydforureining, slik at utbygginga vil verka sterkt negativt på leveområdet deira ved Smådalsvatnet i anleggsfasen og kanskje også i driftsfasen.

Landskap og friluftsliv

Ein stor mangel ved konsekvensanalysen er den manglande omtalen av landskaps- og friluftsverdiar. Det einaste som står, er i innleiingskapitlet der det heiter:

«Landskapet rundt Smådalselva på berørt strekning er skogkledd og kupert. Med unntak av øvre parti er elven til dels sterkt nedskåret i landskapet, og vil heller ikke være synlig fra fjorden. Derfor vil ikke vannføringsreduksjonen mellom inntak og kraftverksutløpet få synlige konsekvenser, bortsett fra helt nederst. Det er bygd skogsvei opp til Smådalsvatnet. I dette området utøver lokalbefolkningen tradisjonelt friluftsliv i form av turgåing, plukking av bær og sopp, jakt og fiske. Kraftverksinntaket vil ligge ca 200 meter nedstrøms Smådalsvatnet, og derfor utenfor det åpne landskapet som omgir vannet. Inntaket vil også ligge et stykke øst for etablert sti som går nordover fra Smådalsvatnet og krysser Smådalselva om lag kote 325. Den nedgravde rørgaten vil imidlertid krysse stien i om lag samme område».

Den omtalte stigen er ikkje vist på Spikkeland sine kart frå naturmangfaldanalysen i 2020, men kan finnast i rapporten hans frå 2005 som Fig 2 på side 41. I følgje folk i lokalmiljøet på Tysse er denne stigen mykje brukt til turgåing, slik det går fram av sitatet ovanfor, og utbygginga grip sterkt inn i friluftslivet deira.

Anne Liv Haukanes frå Tysse skriv i denne samanhengen følgjande:

«Gjennom media har eg fått med meg at naturmangfald og miljø ofte er for dårleg utgreidd i småkraftsaker. Kan dette vera tilfelle her? Det vert konkludert med at tekniske anlegg vil ha moderat betydning for natur og landskap.

Eg har ikkje noko særleg kompetanse på ulike artar og naturmiljø. Men eg meiner det i søknaden vert lagt altfor lite vekt på turstien frå Tysse, og det urørde området nord for Smådalsvatnet. Stien til Smådalen vert nytta både til kortare og lengre turar – herifrå kan ein gå vidare opp i fjella. Etter ein har teke seg opp dei brattaste liene frå ungdomsskulen, kryssar stien elva nedanfor ein fin liten foss. Denne vil ikkje renna som før etter utbygginga, sjølv om det er stilt krav om minstevassføring. I elva – nesten oppe ved vatnet – skal det lagast ein ti meter høg og tre-fire meter brei betongdemning. Røygata skal gravast ned. Frå ein skogsveg vest for vatnet skal det lagast ein ca 400 meter lang anleggsveg. Denne vil kryssa turstien og det urørde området.

I søknaden står det at anleggsvegar og rørtrasé vil kunna verta synlege i ein overgangsfase. Men ein fem meter brei veg er uansett eit inngrep i naturen. I søknaden er det motstridande utsegner om anleggsvegane. På den eine sida står det at dei vil bli tilbakeførde etter tiltaket er bygt. På den andre sida kan ein lesa at etablering av anleggsvegar vil vera positivt for utnytting av skogressursane i kupert terreng».

I innleiingskapitlet prøver utbyggjar å gjera inngrepet i landskapet så lite og usynleg som råd. Men både det Anne Liv Haukanes skriv og bildemontasjen i Spikkeland sin rapport frå 2020 viser at dette vesle vassdraget er ei naturperle, og at ein ved å vandra oppover denne stigen frå skogsvegen oppover til Smådalsvatnet kan få ei naturoppleving av dei heilt sjeldne. Kvifor ein skal øydeleggja dette når ein får så lite igjen for det, er uråd å forstå for utanforståande. Kvifor skal folk i Samnanger bli fråteken det siste dei har igjen av urørt natur?

Konklusjon

Naturvernforbundet Hordaland går mot utbygging av Smådalselva. Me kan ikkje sjå at dei samfunnsmessige sumverknadane er meir positive enn konsekvensane av utbygging av Smådalselva. Me er ikkje einige med konsesjonssøkar om at utbyggingane vil bidra til å oppretthalda busetnad med tilhøyrande aktivitetar i regionen – tvert imot meiner me at det er det urørte landskapet og naturopplevingane som er Samnanger sitt viktigaste satsingsområde. Urørt natur har dessutan ein eigenverdi som ikkje kan målast i kroner.

NVH meiner difor at å avslå konsesjon til utbygging av Smådalselva kraftverk vil vera å sikra ein samfunnsmessig forsvarleg bruk av vassdrag fordi:

1. Konsekvensane av redusert vassføring er ikkje godt nok kartlagt

NVH meiner at konsekvensane tiltaka medfører ikkje er godt nok undersøkt og kartlagt: Dette gjeld særleg landskaps- og friluftsliv, som nesten ikkje er nemnt i konsekvensvurderinga. Dessutan meiner me at det er brukt altfor kort tid på synfaring i terrenget. Resultatet av kartlegginga av mose og lav i 2009 viser at det er potensiale for å finna raudlista artar, og hadde bekkekløfta vore undersøkt skikkeleg, ville ein etter alt å døma ha gjort funn av slike (jfr. Biofokus si undersøking av Øystese- og Kvanndalsvassdraga). Som eit resultat av det som er sagt om for lite tid til synfaring,

vil me på det sterkaste oppmoda NVE om å følgja «føre var»-prinsippet i Naturmangfaldslova § 9 når ein er i tvil om konsekvensane av eit tiltak:

«Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.»

I desse sakene kan ein ikkje utelukka at raudlista- dyre og planteartar vil verta hardt råka av utbyggingane. Dessutan er landskaps- og friluftslivsverdiane i vassdraget ikkje undersøkt.

2. Samla belastning

Konsesjonssøkar sin argumentasjon om at Smådalselva kraftverk vil kunna bidra til å avhjelpa kraftutfordringane i Vest-Noreg rundt Bergen, held ikkje mål. Eit småkraftverk utan reguleringsmagasin og utan moglegheit for effektkøyring vil ikkje vera i stand til å imøtekoma forsyningsutfordringar i Bergen i vinterhalvåret. Me kan ikkje sjå at utbygging av Smådalselva kraftverk har nokon samfunnsmessig nytteverdi som trumfar alle dei negative konsekvensane utbyggingane medfører og som me har gjort greie for. Når det gjeld samla belastning så viser me ellers til det som er sagt om at Samnanger kommune frå før er ein av dei kommunane i fylket som er hardast utsett for vasskraftutbyggingar.

Med venleg helsing
Naturvernforbundet Hordaland

Gabriel Fliflet
Leiar

Oddvar Skre
Saksbehandlar